



**FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA
I PERIODEN 2017 - 2019**

MØTEINNKALLING:

Dato: 22.06.2017

Kl. : 1200

Stad: Kommunehuset i Jondal

Sakliste:

009/17 Godkjenning av protokoll frå møte 30. mai 2017

010/17 Prosjektleiing kommunesamanslåing Ullensvang kommune

Orienteringssak frå AU; frikjøp av tillitsvalde



Arkiv: 033
Arkivsak ID: 17/1171 - 1
Journalpost ID: 17/10262
Sakshandsamar.: Turid Nå
Dato: 16.06.2017

FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

SAKSGANG		
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd	22.06.2017	009/17

Godkjenning av protokoll

Vedlegg:

Dok.id:	Tittel
331068	Protokoll frå møte 30. mai 2017 i førebuande fellesnemnd for Ullensvang kommune

Administrasjonen sitt forslag til

vedtak:

Vedlagt protokoll frå møte 30. mai vert godkjend.

Rådmann i Ullensvang, Jondal og Odda, 16. juni 2017



PROTOKOLL

FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

Førebuaende fellesnemnd

Dato: 30.05.17

Tid: Kl. 09.00 – 14.25

Stad: Kinsarvik

Tilstades:

Frå Jondal

1. Jon Larsgard (SP)
2. Olav Magnus Hammer (AP) – forfall
3. Elin Eide (H) – permisjon
4. Reidun Haugen Dalseth (KRF)

Vara Kjellaug Hoås Samland (AP)
Vara Lars Arne Eide (H)

Frå Odda kommune:

1. Roald Aga Haug (AP)
2. Linda H. Jondahl (AP)
3. Johnny Vikne (AP)
4. Therese K. Børve (AP)
5. Terje Kollbotn (R)
6. Erlend Nævdal Bolstad (H)
7. Anna Maria Kråkevik (H)
8. Anne Marit Buer (V) – permisjon etter sak 007/2017 kl. 14.15
9. Marit Backer – Owe (KRF)

Frå Ullensvang herad:

1. Solfrid Borge (SP)
2. Kåre Grønsnes(SV) – permisjon etter sak 001/2017 kl. 10.20
3. Olav B. Hus (SP)
4. Hildegunn Espe (SP)
5. Amund Velure (AP)
6. Terje S. Bleie (H) - permisjon etter sak 001/2017 kl. 10.20

Vara Ingvild Hauso (SP)

Vara Eli Johanne Hope (H)

Frå Administrasjonen:

Assisterande rådmann Ragnvald Joakimsen
Rådmann Ole-Jørgen Jondahl
Rådmann Magnus Steigedal
Referent Linn M. Østerbø

Tilitsvalde frå:

NSF Odda og Ullensvang
Utdanningsforbundet Odda og Ullensvang

Møtte som observatørar med møte- og talerett etter sak nr. 001/17

Saknr. 001/17 – Mellombels fellesnemnd – konstituering og val av leiar og nestleiar

Framlegg frå Erlend Nævdal Bolstad (H):

1. Som i innstillingen
2. Som leiar for nemnda blir Roald Aga Haug vald
3. Som nestleiar for nemnda blir Solfrid Borge/Jon Larsgard vald.

Framlegg frå Jon Larsgard (SP):

Pkt. 2 og 3

Perioden fram til 2020 vert delt i tre der ordførarane leiar nemnda etter tur

1. *Solfrid Borge /Jon Larsgard*
2. *Jon Larsgard / Roald Aga Haug*
3. *Roald Aga Haug / Solfrid Borge*

Framlegg frå Terje Kollbotn (R):

“Pkt. 2 og 3

blir utsatt til konstituering av fast fellesnemnd”

Endringsframlegg frå Terje Kollbotn (R)

“pkt. 4:

Tillitsvalde frå kvar kommune får møte og talerett i mellombels fellesnemnd.”

Det vart gruppemøte

Framlegget frå Terje Kollbotn (R) vart trekt

Framlegget frå Jon Larsgard (SP) vart trekt

Framlegget frå Erlend Nævdal Bolstad (H) vart trekt

Nytt framlegg frå Erlend Nævdal Bolstad (H):

- 1. Som i innstillingen*
- 2. Som leiar for nemnda blir Solfrid Borge vald*
- 3. Som nestleiar for nemnda blir Roald Aga Haug vald*
- 5. Sekretariat for fellesnemnda er rådmennene*
- 6. Refert for fellesnemnda blir oppnevnt av sekretariatet*

Røysting:

Pkt 1. Erlend Nævdal Bolstad (H) sitt nye framlegg vart samrøystes vedteke

Pkt 2. Erlend Nævdal Bolstad (H) sitt nye framlegg vart samrøystes vedteke

Pkt 3. Erlend Nævdal Bolstad (H) sitt nye framlegg vart samrøystes vedteke

Pkt 4. Administrasjonen sitt framlegg vart vedteke med 19 mot 2 røyster, mindretalet røysta for Terje Kollbotn (R) sitt framlegg

Pkt. 5. Erlend Nævdal Bolstad (H) sitt nye framlegg vart samrøystes vedteke.

Pkt 6. Erlend Nævdal Bolstad (H) sitt nye framlegg vart samrøystes vedteke.

001/17 Vedtak:

1. Mellombels fellesnemnd for samanslåing mellom Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad blir konstituert med dei medlemmer og varamedlemmer kommunane har peika ut.
2. Som leiar for nemnda blir Solfrid Borge vald
3. Som nestleiar for nemnda blir Roald Aga Haug vald
4. Ein tillitsvald frå kvar kommune får møte- og talerett i mellombels fellesnemnd.
5. Sekretariat for fellesnemnda er rådmennene
6. Referent for fellesnemnda blir oppnevnt av sekretariatet

002/17 - Mellombels fellesnemnd – organisering av prosjektet med arbeidsutval og partsamansett utval

Endringsframlegg frå Terje Kollbotn (R) og Erlend Nævdal Bolstad (H):

“Pkt. 1

Arbeidsutval består av seks utvalde representantar frå Fellesnemnda:

3 frå Odda kommune (inkl. ordførar)

2 frå Ullensvang herad (inkl. ordførar)

1 frå Jondal kommune (inkl. ordførar)

Sekreteriat for arbeidsutvalet er rådmennene.”

Framlegg frå Roald Aga Haug (AP):

“Nytt pkt. 2

Delegasjon – Drøfting – Arbeidsgjevaransvar

Fellesnemnda delegerer til rådmennene i Jondal, Ullensvang og Odda å handtera drøftingar med tilitsvalte.

Rådmennene handterer arbeidsgjevaransvaret etter Hovudavtala.

Delegasjonen gjeld fram til prosjektleiing er etablert.”

Endringsframlegg frå Hildegunn Espe (SP):

“Pkt 1:

Arbeidsutval for mellombels fellesnemnd blir sett ned av fylgjande medlemmer:

a. Ordførar Jan Larsgard

b. Ordførar Roald Aga Haug

c. Ordførar Solfrid Borge

Sekreteriat for arbeidsutvalet vert rådmennene i Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad.”

Endringsframlegg frå Terje Kollbotn (R) og Erlend Nævdal Bolstad (H) vart trekt.

Framlegg frå Anne Marit Buer (V):

pkt. 3

Frå Odda

Therese K. Børve – vara Linda Haugland Jondahl

Terje Kollbotn – vara Anne Marit Buer

Erlend Nævdal Bolstad – vara Anna Maria Kråkevik

Framlegg frå Kjellaug Hoås Samland (AP):

pkt. 3

Frå Jondal

Olav Magnus Hammer – vara Kjellaug Samland

Elin Eide – vara Tørres Mæland

Reidun Haugen Dalseth – vara Otto Galtung

Framlegg frå Hildegunn Espe (SP):

pkt. 3

Ullensvang herad

Olav B. Hus – vara Kåre Olav Grønsnes

Hildegunn Espe – vara Solfrid Borge

Terje S. Bleie – vara Amund Velure

Tilleggsframlegg frå Solfrid Borge (SP):

«Parsamansett utval konstituerar seg sjølv, vel leiar og nestleiar.

Frå tilsette:

Tilitsvalde får frist til å velgja sine representantar til partsamansett utval innan utgangen av juni.»

Røysting:

Pkt 1 Endringsframlegg frå Hildegunn Espe (SP) fekk 18 mot 1 røyst, mindretalet røysta for administrasjonen sitt framlegg

Nytt pkt 2 Framlegg frå Roald Aga Haug (AP) vart samrøystes vedteke

Nytt pkt. 3.

Framlegga frå Hildegunn Espe (SP), Kjellaug Hoås Samland (AP) og Anne Marit Buer (V) vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Solfrid Borge (SP) vart samrøystes vedteke

002/17 Vedtak:

1.

Arbeidsutval for mellombels fellesnemnd blir sett ned av fylgjande medlemmer:

- a. Ordførar Jan Larsgard
- b. Ordførar Roald Aga Haug
- c. Ordførar Solfrid Borge

Sekreteriat for arbeidsutvalet vert rådmennene i Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad.

2.

Delegasjon – Drøfting – Arbeidsgjevaransvar

Fellesnemnda delegerer til rådmennene i Jondal, Ullensvang og Odda å handtera drøftingar med tilitsvalte.

Rådmennene handterer arbeidsgjevaransvaret etter Hovudavtala.

Delegasjonen gjeld fram til prosjektleiing er etablert.

3.

Utvalet blir sett ned med fylgjande medlemmer:

Frå Jondal:

1. Olav Magnus Hammer
2. Elin Eide
3. Reidun Haugen Dalseth

1. Kjellaug Samland (vara)
2. Tørres Mæland (vara)
3. Otto Galtung (vara)

Frå Odda:

1. Therese K. Børve
2. Terje Kollbotn
3. Erlend Nævdal Bolstad

1. Linda Haugland Jondahl (vara)
2. Anne Marit Buer (vara)
3. Anna Maria Kråkevik (vara)

Frå Ullensvang:

1. Olav B. Hus
2. Hildegunn Espe
3. Terje S. Bleie

1. Kåre Olav Grønsnes (vara)
2. Solfrid Borge (vara)
3. Amund Velure (vara)

4.

Partsamansett utval konstituerar seg sjølv, vel leiar og nestleiar.

Frå tilsette:

Tillitsvalde får frist til å velgja sine representantar til partsamansett utval innan utgangen av juni.

Saknr. 003/17 - Mellombels fellesnemnd – styringsdokument og prosjektplan

Framlegg frå Jon Larsgard (SP):

Nytt pkt. 1

Vedtak rundt styringsdokument og prosjektplan vert utsett til det er gjennomført drøftingar med dei tilitsvalde.

Røysting:

Pkt. 1 Framlegg frå Jon Larsgard (SP) vart samrøystes vedteke

Pkt. 2 og 3 Administrasjonen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

003/17 Vedtak:

1. Vedtak rundt styringsdokument og prosjektplan vert utsett til det er gjennomført drøftingar med dei tilitsvalde.
2. Fellesnemnda ber administrasjonane utarbeide eit utkast til risikofaktorar og suksesskriterier for samanslåingsprosjektet.
3. Fellesnemnda ber administrasjonane utarbeida framlegg til delegering til arbeidsutval og partssamansett utal.

Saksnr. 004/17 - Mellombels fellesnemnd – prinsipp for samarbeid, samordning og gevinstrealisering fram til 2020

Røysting:

Administrasjonen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

004/17 Vedtak:

Fellesnemnda godkjenner dokumentet «Prinsipp for samarbeid, samordning og gevinstrealisering fram mot 2020»

Saksnr. 005/17 - Mellombels fellesnemnd – møtegodtgjersle og reglement

Røysting:

Administrasjonen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

005/17 Vedtak:

1. Administrasjonen vert beden om å utarbeida eit framlegg til reglement for godtgjersle for dei politiske organa knytt til kommunesamanslåinga.
2. Reglementet skal ta utgangspunkt i dei tre kommunane sitt eksisterande reglement.

Saksnr. 006/17 - Mellombels fellesnemnd – prosjektleiing – drøftings sak

Framlegg frå Roald Aga Haug (AP):

Arbeidsutvalet trer raskt saman for å leggja fram forslag til utlysing av prosjektleiing.

Det skal leggast fram ulike alternativ

Det kan vurderast om det skal leigast inn prosjektleiar for å koma raskt i gang med prosessen.

Fellesnemnda får sak framlagt før sommarferien.

Røysting:

Framlegg frå Roald Aga Haug (AP) vart samrøystes vedteke.

006/17 Vedtak:

Arbeidsutvalet trer raskt saman for å leggja fram forslag til utlysing av prosjektleiing.

Det skal leggast fram ulike alternativ

Det kan vurderast om det skal leigast inn prosjektleiar for å koma raskt i gang med prosessen.

Fellesnemnda får sak framlagt før sommarferien.

Saknr. 007/17 - Mellombels fellesnemnd – møteplan

Tilleggsframlegg frå førebuande fellesnemnd:

“Neste møte i førebuande fellesnemnd vert 22. juni 2017 i Jondal kl. 12.00.

Felles kommunestyremøte for Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad vert 28.08.17 i Odda. Konstituering av endeleg fellesnemnd vert same dag.»

Røysting:

Administrasjonen sitt framlegg med tilleggsframlegg frå førebuande fellesnemnd vart samrøystes vedteke.

007/17 Vedtak:

Mellombels fellesnemnd skal ha møte ein gong i månaden fram til endeleg fellesnemnd er på plass.

Neste møte i førebuande fellesnemnd vert 22. juni 2017 i Jondal kl. 12.00.

Felles kommunestyremøte for Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad vert 28.08.17 i Odda. Konstituering av endeleg fellesnemnd vert same dag.

Saknr. 008/17 - Mellombels fellesnemnd – informasjonstiltak / nyheitsbrev

Endringsframlegg frå førebuande fellesnemnd:

«Pkt. 2 Kommunane tek ansvar for at dette vert gjennomført.»

Røysting:


Framlegg frå administrasjonen og endringsframlegg frå førebuande fellesnemnd vart samrøystes vedteke.

008/17 Vedtak:

1. Det skal etablerast nyheitskanalar for innbyggjarane og tilsette i Jondal, Odda og Ullensvang slik at dei kan fylgje samanslåingsprosessen.
Fyrst og fremst skal det etablerast ei ny heimeside, og eit informasjonsskriv skal gå ut til alle husstandar.
2. Kommunane tek ansvar for at dette vert gjennomført.
3. Kostnadane skal leggjast inn i fellesnemnda sitt rekneskap.

Notat frå møtet:

- Det er kome kritikk om at dei tilitsvalde ikkje vart varsla/innkalla tidlegare til møtet.



Arkiv: K1-036, K3-&23
Arkivsak ID: 2017001001 - 20
Journalpost ID: 2017010148
Sakshandsamar.: Ole-Jørgen Jondahl
Dato: 15.06.2017

FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

SAKSGANG		
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd	22.06.2017	010/17

Prosjektleiing kommunesamanslåing Ullensvang kommune

Vedlegg:

Arbeidsutvalet sitt forslag til

vedtak:

1. Mellombels fellesnemnd vedtar prosjektleiing etter følgjande alternativ:

A:

1. Utlysing av prosjektleiar/rådmann vert gjort internt.
2. Prosjektleiar skal vera framtidig rådmann.
3. Det vert lagt opp til at prosjektleiar/rådmann får ein prosjektstab, med funksjonar som t.d. prosessleiar, personal (HR) og digitalisering.

B:

1. Utlysing av prosjektleiar/rådmann vert gjort eksternt.
2. Prosjektleiar skal vera framtidig rådmann.
3. Det vert lagt opp til at prosjektleiar/rådmann får ein prosjektstab, med funksjonar som t.d. prosessleiar, personal (HR) og digitalisering.

2. Mellombels fellesnemnd godkjenner kjøp av prosjektleiing i ein avgrensa periode fram til tilsetting av prosjektleiar/rådmann i løpet av 2018.

Arbeidsutvalet, 14.06.2017

Saka gjeld:

Prosjektleiing i samband med kommunesamanslåing Jondal, Odda og Ullensvang, jfr FN-sak 006/17.

Økonomiske konsekvensar:

Finansiering

Utgiftene knytt til prosjektleiing vert dekkja av eingangstilskotet frå staten.

Saka sitt forhold til lovverk, planar og avtalar:

Inndelingslova § 26. Fellesnemnd, 5.leddet.

Samandrag/ konklusjon:

Arbeidsutvalet har drøfta ulike modellar for prosjektleiing, og legg fram ulike alternativ i tråd med vedtak i FN – 006/17. Saka er lagt fram med 2 alternativ.

Saka skal ekspederast av:
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar
Alle relevante partar
Arkiv